

## Felles innsats for ein sunn økonomi i Skodje kommune!

Den økonomiske utviklinga i Skodje kommune er ikkje berekraftig. Vi er ei ung og spanande kommune i vekst, men inntektsmodellen som fordeler midlar til kommunane er ikkje det vi kan kalle «rettferdig». Den har i seg kriterium som gjer at befolkningsamansetjinga vår gjev lite uttelling på inntektssida.

Konsekvensen av dette er at vi må løyse oppgåvene våre med færre midlar enn dei fleste andre kommunar. Dette krev nytenking og toleranse for at tenestetilbod kan endre seg. Det krev og ein tett og open dialog mellom folkevalde, tilsette og innbyggjarar. Vi oppmodar innbyggjarane til å ta kontakt med kommunen dersom de ønsker meir informasjon om enkeltsaker, eller meir generell informasjon om omstillingsprosessen vi no er inne i.

### Kort fortalt:

Skodje kommunestyre har vedteke ein omstillingsprosess på 4 år som skal ta utgangspunkt i følgjande 3 trinn prinsipp:

1. Vurdere og gjennomføre alle dei driftsmessige endringar som vil gi netto innsparing i drifta innanfor dei strukturelle rammene som eksisterer per i dag.

2. Vurdere større strukturelle endringar.

3. Parallelt med dette utgreie eige-domsskatt for kommunen. Utgreinga skal gjerast som ein beredskap, slik at ein er i stand til å innføre dette rimelig fort om det skulle syne seg at punkt 1 vanskeleg gir nødvendig effekt. Ei eventuell inntekt frå eigedomsskatt skal tilførast fondsavsetjing.

Vi arbeider aktivt med punkt 1 i vedtaket. Det er sett i verk små og store tiltak i drifta som syner at vi er på rett veg knytt til økonomiske mål. Dette er positivt, sjølv om utfordringa med å halde kvaliteten oppe innanfor tenestene er stor.

Dessverre viser skatteinngangen til kommunen ein svikt etter 1. kvartal. Dette betyr at målet om økonomisk balanse vert vanskeleg å oppnå gjennom punkt 1 åleine. Eit viktig politisk spørsmål vidare vert kva som skal utgreiast innanfor punkt 2 og 3 i vedtaket.

## «Skodje i vekst»

# Ordføraren inviterer til ope temamøte

## Barn og ungdom, folkehelse og frivillighet

### Gomerhuset tysdag 6. mai kl. 17.00

Skodje kommune har starta arbeidet med rullering av kommuneplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det overordna styringsdokumentet for kommunen. Det er denne planen som skal legge føringar for all kommunal drift og tenesteproduksjon. Planen er styrande for utviklinga av kommunen som samfunn og som organisasjon.

Svein Neerland er seksjonsleiar for folkehelse og fysisk aktivitet i Møre og Romsdal fylkeskommune. Han er ein engasjerande talar, og vil snakke om korleis lokalsamfunnet kan legge til rette for god folkehelse og frivillighet i framtida.

Ungdata er ei nasjonal spørjeundersøking om levekår for ungdomsskuleelevar. Denne undersøkinga vart gjennomført på Skodje ungdomsskule i veke 15, og vi er no spente på kva rapporten seier om korleis ungdom i Skodje trivst og kva levevanar dei har. Rapporten blir presentert av einingsleiar for Storfjorden barnevern og koordinator for samordna lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT). Skodje ungdomsråd er talerør for barn og unge i Skodje kommune. Ungdomsrådet vil presentere sine forventningar til Skodje i framtida.

Skodje kommune ønskjer med dette møtet, å legge til rette for medverknad i planprosessen rundt samfunnsdelen gjennom å samle innspel og skape engasjement om Skodje i framtida – dit vil vi!

### PROGRAM:

17.00 Velkomen ved ordførar

17.10 «Folkehelse og Frivillighet for Framtida» v/ Svein Neerland, seksjonsleiar folkehelse og fysisk aktivitet Møre og Romsdal fylkeskommune


17.40 Presentasjon av fersk rapport «Ung data» v/ SLT-koordinator Lene Solheim

18.00 Ungdomsrådet har ordet

18.10 Gruppearbeid og tid for innspel til dei ulike satsingsområda

18.40 Oppsummering/avslutning

Velkomen!



## Skatte- oppkrevjar- kontoret i Skodje vert nedlagt

Kommunestyret har vedteke å legge ned skatteoppkrevjar-kontoret i kommunen.

Frå og med 1. mai skal Nordre Sunnmøre kemnerkontor (NSK) overta skatteoppkrevjar-funksjonen for Skodje kommune.

Etter denne datoen må du vende deg til NSK i alle saker som gjeld skatteoppkrevjing.

Nordre Sunnmøre kemnerkontor er lokalisert i Ålesund rådhus.

### Kontaktinformasjon:

Telefon:  
70 16 20 00

E-post:  
postmottak@alesund.kommune.no

Postadresse:  
Nordre Sunnmøre kemnerkontor  
Postboks 1521  
6025 ÅLESUND

Besøksadresse:  
Keiser Wilhelmsgate 11

## Unngå restskatt og rentetillegg

Frist for innbetaling av tilleggskatt for inntektsåret 2013 er 31. mai 2014. Dette gjeld både for upersonlege skattyttarar (aksjeselskap) og personlege skattyttarar.

Beløpet kan betalast til bankkonto 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer. Du kan lage KID-nummer på skatteetaten.no.

## Neste Kommunenyt

Neste Kommunenytt kjem ca. 24. juni. Frist for innlevering til dette nummeret er 17. juni.

# Skodje kommune tilbyr eFaktura og AvtaleGiro

Vi minner om at Skodje kommune tilbyr eFaktura og AvtaleGiro på rekningane dine. Avtal og opprett dette med banken din, eller i nettbank.

### eFaktura

Ved bruk av eFaktura kjem rekningane ferdig utfylt rett i nettbanken din, og vert oppbevart der. Då kan du til ei kvar tid gå inn i nettbanken og få opp bilete av både betalte og ubetalte rekningar.

Du vel sjølv når du vil betale rekninga. Sidan alt er ferdig utfylt (KID, kontonummer etc.) er det berre å klikke for å betale. Om du vil, kan du få melding på e-post kvar gong det kjem ei ny rekning i nettbanken din.

Fordelar med eFaktura:

- KID, kontonummer og alt er ferdig utfylt. Det einaste du treng er å bekrefte betalinga.
- Du har oversikt over både betalte og ubetalte rekningar i nettbanken.
- Du kan til ei kvar tid sjå bilete av rekningane eller printe ut ved behov.
- Du kan sjølv velge når du ønskjer å betale.

Om du vil ta i bruk eFaktura kan du enten seie ja neste gong du vert tilbydd det i nettbanken din, eller du kan aktivt gå inn i nettbanken og registrere deg for eFaktura. Du må da oppgje

eFaktura referanse som er 000 + kunde-nummeret ditt på faktura frå Skodje kommune.

Som eFaktura kunde vil du motta alle rekningar frå kommunen som eFaktura.

### AvtaleGiro

Med avtalegiro gir du banken i oppdrag å betale rekningar for deg til rett tid.

Mange faste rekningar som kommunale avgifter, barnehage og skulefritidsordning kan betalast med AvtaleGiro.

La banken betale dei faste rekningane dine på forfallsdagen, utan at du mister kontroll og oversikt.

Fordelar med AvtaleGiro:

- Banken betaler rekninga for deg.
- Du slepp å hugse forfallsdatoar.
- Du unngår purringar.

Du må inngå ein avtale med banken din som gjeld for alle rekningar du ønskjer skal betalast med AvtaleGiro. Etter dette oppgjev du til banken kva for aktuelle betalingsmottakarar du ønskjer å betale til på denne måten.



## « Dette skjer »

### «Veien til Mekka»

Teater på Gomerhuset  
måndag 5. mai kl. 19.00

Oppsetning ved Teatret Vårt

"Veien til Mekka" er ei historie om å leve utanfor det normerte, om makt og avhengighet. Kor ålene toler vi å stå? Kva er prisen å betale for å gjere som ein vil? Og kan ein eigentleg ta makta over seg sjølv og livet sitt?

Bill: Ordinær: kr 250,- Honnør kr 200,-  
Barn under 16 år: kr 100,-

Billettar kan kjøpast på [www.gomerhuset.no](http://www.gomerhuset.no)  
eller i døra før forestillinga startar.

### BIG-dagen

Skodje stadion / klubbhuset  
sundag 25. mai  
kl. 12.00 - 15.00

Ulike aktiviteter for alle barn mellom 6 og 10 år. **Husk sykkel og hjelm!**

Premieutdeling / lotteri og kafé

Arr. Big (barneidrettsgrupper) på Skodje.

Info: tlf. 99711558 /  
[jasunde@hotmail.no](mailto:jasunde@hotmail.no)

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor.  
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørndal.



# SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
postmottak@skodje.kommune.no | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)